



PLANPROGRAM

## **KOMMUNEPLAN for Sauda 2018- 2030**

Fastsatt i Sauda formannskap 4 OKTOBER 2017

## Innhold

1	Innleiing	Mål for kommuneplanarbeidet	3
2	Kommuneplanprosessen	Kva er ein kommuneplan Planstrategi Planprogrammet Organisering Arbeidsgruppe	4
3	Formålet med arbeidet	Utgangspunkt og rammer for utvikling av Sauda	7
4	Føringar for arbeidet	Nasjonale rammer Nasjonale forventningar til kommunal planlegging Regionale planer og føresetnadar Lokale mål og planer	8
5	Organisering	Korleis arbeide med ny kommuneplan Opplegg for medverknad Framdrift Innspel og merknadar	9
6	Satsingsområder		11
7	Utviklingstrekk i Sauda	Beskriva kommunens viktigaste prioriteringar. Statistikk. Status basert på eksisterande informasjon Folketall og prognosar	12
8	Samfunnssdelen	1. Tettstadsutvikling 2. Verdiskaping og kunnskapsutvikling 3. Liv i Sauda 4. Innovasjon, samarbeid og samskaping 5. Miljø og klima i Sauda 6. Samfunnssikkerhet og beredskap	16 19 20 22 23 25
9	Areal	Sentrum Natur og friluftsområder Grønnstruktur Byggeområder: Bustadar, Næring, Hytter Samferdsel	27
10	Utgreingsbehov		28
11	Vedlegg		29

# 1 Innleing

## Retning for kommuneplanarbeidet

Korleis vil me at Saudasamfunnet skal vera? I kva retning skal Sauda utvikla seg fram mot 2030? I kommuneplanen legg me grunnlaget for kva slag samfunn me skal utvikla i framtida. Den er kommunens viktigaste verktøy for samfunnsutvikling, og legg rammane for kommunens arbeid og beslutningar. I kommuneplanen legg me føringar for prioriteringar, tilrettelegging og tiltak i lokalsamfunnet, og bruk og vern av areal.

### Kva er din framtidsdraum for Sauda?

Korleis kan Sauda bli eit meir berekraftig samfunn med fleire innbyggjarar?

Korleis får me vekst i næringer og talet på arbeidsplassar?

I eit idemøte med politikarane i kommunestyret 15.03.2017, vart fleire tema diskutert som viktige.

- ❖ Auka sysselsetjing og næringsutvikling
- ❖ Sauda som ein føretrekt besøks- og turistdestinasjon
- ❖ Berekraftig transportutvikling
- ❖ Vidareutvikling av kvalitet i tettstaden Sauda
- ❖ Sikring av eigarskap til kommuneplanen

Visjonen for Sauda kommune som bedrift og organisasjon er «Litt betre kvar dag». I arbeidet med visjonen har vi med oss eit verdisett – formulert i tre ord: «engasjerte - romslege – ansvarlege». Visjonen skal vera retning gjevande for kommunens arbeid utad og innad.

Ei satsing på å utvikla næringer og arbeidsplassar basert på lokale ressursar, og utvikling av eit samfunn som er attraktivt for busetting og besøk, kan formulerast i dette forslaget til spissing av kommuneplanarbeidet:

**«Ein vekstkraftig kommune med tiltrekkingeskraft»**


## 2 Kommuneplanprosessen

### Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen fortel korleis Sauda skal møte framtida, den er kommunens beste virkemiddel for overordna samfunnsplanlegging.

Kommuneplanen frå 2012 skal reviderast, og det blir endringar både i samfunnssdelen og arealdelen. Dette er ein plan for korleis samfunnet skal styrast og korleis areala skal brukast og forvaltast. Planen er derfor delt inn i to delar: Samfunnssdelen inneheld langsiktige mål og strategiar for kommunen som samfunn og som organisasjon. Arealdelen består av eit kart som angir bruk av areala i kommunen. Med kartet følger retningslinjer og føresegner som gir rammar og vilkår for tiltak innanfor ulike områder.

Plan- og bygningslova set krav til oppfølging av kommuneplanen. Det skal lagast ein årleg handlingsdel basert på kommuneplanen. I Sauda vil handlingsplanen vera integrert med økonomiplanen, slik at kommuneplanen koplast tettare på kommunens budsjett. Samla blir dette ein årleg handlings- og økonomiplan som skal ivareta ein god oppfølging av kommuneplanen.



### Kommuneplanen som verktøy

- *Kommuneplanen skal beskriva kommunens viktigaste prioriteringar. Me må velja noko, og ikkje ønska alt på ein gong.*
- *Kommuneplanen må beskriva måla og kva me vil gjera for å nå måla (laga gode strategiar).*
- *Det er viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag i botn. Når me kjenner kommunens moglegheiter og utfordringar, har me eit grunnlag for å vurdera konsekvensar, og gjere avgjersler.*

## **Planstrategi**

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt hausten 2012 og er sett saman av samfunnsdel og juridisk bindande arealdel.

Etter sist vedtekne kommuneplan har det skjedd ei samfunnsutvikling både i Sauda, og i forhold til Sauda si rolle i regionen. I tillegg skjer det endringar i nasjonale føringer som også påverkar det lokale planbehovet. Planstrategien som vart vedtatt 21.09. 2016, legg føringer for kommuneplanarbeidet.

Behov for vekst i næringsliv og vekst i innbyggjartal er ein viktig årsak til at kommuneplanen skal reviderast. Ein annan viktig årsak er behovet for meir areal til næringsutvikling, hyttebygging og bustadar. Endringar i befolkningssamsetjing er og ei utfordring for korleis me skal planleggja for framtidig utvikling. Kommuneplanen, både samfunns- og arealdelen skal rullerast for å kunna vera eit oppdatert styringsverktøy for Sauda dei kommande åra.

## **Planprogrammet PBL § 4.1**

Planprogrammet skal beskriva arbeidet som skal gjerast. Planprogrammet er grunnlaget for kommuneplanplanarbeidet, og framlegging av planprogram til offentleg gjennomsyn varslar om at kommuneplanarbeidet startar. Utfordringane og moglegitetene kommunen står ovanfor, og korleis me vil jobbe vidare med dette i ein ny kommuneplan skal beskrivast i planprogrammet.

Planprogrammet ble fastsatt i Sauda formannskap 4 oktober 2017.

## **Organisering av kommuneplanarbeidet**

Kommunestyret har øvste ansvar for kommuneplanarbeidet, og er politisk sluttande organ i alle fasar av planarbeidet.

- Vedtar utlegging av forslag til planprogram
- Vedtar utlegging av høringsutkast kommuneplan
- Vedtar ny kommuneplan

Formannskapet er administrativ styringsgruppe.

- Fastset planprogram
- Administrativt ansvar for planarbeidet.
- Sørger for heilskaplig og tverrfaglig fokus i forhold til kommunens oppgaver
- Ser til at kommuneplan- forslaget utarbeidas på ein måte som kan følgast opp i ein framtidig handlings- og økonomiplan.


Ungdomsrådet, Eldrerådet og Funksjons-nedsettes råd.

- Deltar i medverknadsarbeidet
- Gir uttale til forslag til planprogram og kommuneplan.

## Arbeidsgruppe

Kommuneplanleggar har prosjektansvar for gjennomføring av planprosessen og utarbeiding av planforslag, i samarbeid med ei arbeidsgruppe beståande av:

Asbjørn Birkeland	Ordførar (Sp)
Rune Kloster Tvedt	Rådmann
Andreas Fløgstad	Kommunalsjef Utvikling
Aslaug Tangeraas	Folkehelsekoordinator
Randi Karin Habbestad	Teknisk sjef
Ørjan Djuv	Planingeniør/Forvaltingssjef
Åshild Marie Øverland	Kultursjef
Aina Olene Tveit	Kommunalsjef helse og omsorg
Jacob Svandal	Kommunalsjef oppvekst



## 3 Formålet med arbeidet

### Situasjonen i Sauda

*Behov for vekst i næringsliv og vekst i innbyggjartal er ein viktig årsak til at kommuneplanen skal reviderast. Ein annan viktig årsak er behovet for meir areal til næringsutvikling, hyttebygging og bustadar. Endringar i befolkningssamsetjing er og ei utfordring for korleis me skal planleggja for framtidig utvikling.*

*Sidan førre kommuneplan vart vedteken, har tida vore prega av mange endringar. Kommunens økonomiske ressursar er pressa m.a. grunna endringar i skatteinntekter, og kostnadsnivået må tilpassast. Sauda har hatt ei negativ folketalsutvikling, og den eldste befolkninga i Rogaland. I fleire tiår har me hatt nedgang i private arbeidsplassar, og ei dreiling mot ein større del offentlege arbeidsplassar. I dei siste åra har det og vore ein nedgang i arbeidsplassar totalt. Dette er ei utvikling me må endra om me ønsker ei berekraftig samfunnsutvikling.*

*Det må vera eit mål at fleire bedrifter vel Sauda som adresse, og at dei bedriftene som er her blir verande og er lønsamme. Fleire unge som reiser ut for å utdanna seg, må velja å komma tilbake for å etablera seg her. Besøkande må ha lyst til å vere her, og å komma tilbake. Saudabuen må trivast og velja å bli i Sauda.*

*Det er langt til nærmaste regionsenter, og det kan vera ei utfordring å skape berekraftige verksemder når dei er avhengige av transport. Me må tenka nytt om avstandar, og vurdera å leggja til rette for ei næringsutvikling som er meir avstandsavhengig, eller finna nye måtar å handtera avstandar på.*

*Kommuneplanen skal ha eit langsiktig perspektiv, der det ikkje vert lagt for mykje vekt på toppar- eller dalar. Men situasjonen som vi er i no, kan vi læra av og bruka i den langsiktige samfunnsutviklinga. Vi er i ei tid med meir usikkerhet rundt utviklinga enn det som har vore vanlig i seinare år. Dette er og med og dannar bakteppet for arbeidet med ny kommuneplan.*

*Planen skal oppdaterast for tida som ligg føre oss. Med grunnlag i det vi veit no, kan me sikra at kommunens viktigaste verktøy for samfunnsstyring er aktuell for tida framover.*

## 4 Føringer for arbeidet

### Utgangspunkt og rammer for utviklinga av Sauda

Sjølv om kommuneplanen er det viktigaste verktøyet vi har for å styra samfunnet i ønska retning, er det også mange andre forhold som styrer utviklinga. Nasjonale og regionale rammer for planlegginga og samfunnsutviklinga generelt, er og styrande. Spesielt viktige føringer for kommuneplanarbeidet er plan- og bygningslova og folkehelselova.

Korleis situasjonen er i Sauda i dag, og kva vi veit om korleis samfunnet vårt utviklar seg framover, er av stor betyding.

#### Nasjonale forventningar til kommunal planlegging:

Regjeringa utarbeidar kvart 4 år eit dokument som handlar om kva det forventas at kommunen skal ta særlig omsyn til i planlegginga. Forventningane vart sist revidert sommaren 2015. Dagens regjering forventar at det i kommunenes arbeid med planstrategi og planer skal leggå opp til:

- Gode og effektive planprosesser
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområder

#### Regionale planar og føresetnadar:

Det er mange fylkeskommunale planar som det må tas omsyn til i kommuneplanen. Spesielt viktig denne gang blir regionalplanane for samordna arealbruk og transport i Ryfylke og på Haugalandet, som legg viktige premiss for heile regionens utvikling.

#### Kommunale planar og føresetnadar:

- *Planstrategi, vedtatt 21.09.2016*
- *Kommunedelplan for oppvekst og kultur, vedtatt i 2015*
- *Kommunedelplan for helse og omsorg, vedtatt i 2017*
- *Strategisk næringsplan vedtatt 2017*
- *Klima- og energiplan, vedtatt 01.09.2010, revisjon vurderast.*
- *Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Sauda.*
- *Kulturminneplan, under arbeid.*

## 5 Organisering

### Korleis arbeide med ny kommuneplan

Utforminga av framtidas Sauda er eit felles ansvar. Alle enkeltpersonar, lag, foreiningar, organisasjonar, politikarar og næringslivet kan delta i prosessen. Alle har rett til å delta i, og å kunne påverka offentlege avgjerds-prosessar. Medverknad kan gje gode innspel til planlegginga, og få fram ulike syn og interesser som kanskje ikkje ville komme fram på anna måte. Medverknad kan fremje kreativitet, eigarskap og engasjement, og vera ein arena for demokratisk deltaking i lokalsamfunnet. Moglegheita for å påverka planarbeidet er størst i byrjinga av arbeidet, men engasjementet er vanlegvis størst når planen er mest konkret, når det nærmar seg vedtak. Sidan kommuneplanen handlar om samfunnsplanlegging i vid forstand, kan det vera meir utfordrande med tidleg medverknad enn for meir avgrensa planar. For å møta denne utfordringa vil me invitera til dialog på fleire måtar, og invitera innbyggjarane til å bidra med å skapa framtidsbilete, for om mogleg å auka engasjementet.

«Planlegginga skal stimulera og samordna den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklinga i kommunen, og sikra befolkninga mogleheit til å påverka kommunens utvikling»

(Miljøverndepartementet 2009: 78).

#### Medverknad for kommuneplanen vert lagt opp på følgande måte:

Kommunen vil invitera til informasjonsmøte og idédugnad der alle skal få mogleheit til å komma med innspel og spørsmål til kommuneplanen.

Sauda kommune skal halda eigne møte med grunneigarar og grupper som kan verta særlig påverka av planforslaget.

- Dette kunngjeras i Ryfylke, på Sauda kommunes heimeside og i sosiale media.
- Det skal utførast kartleggingsarbeid og idéverkstadar i skulane og ved andre arrangement.
- Kartlegging og verdsetjing av nærområde og friluftsområde, i samarbeid med skular, organisasjonar og lag. Gjennom dette arbeidet skal me registrera bruk og oppfatning av stader. Registreringane skal ikkje være absolutt førande for arealdisponeringa, men skal hjelpe å sikre gode bruksområder i nærområda.
- Opne dagar om kommuneplan.
- Informasjonsmøter og arbeidsmøter kor me drøftar aktuelle tema med friviljuge, organisasjonar, interessentar, foreiningar, o.l.

## Framdrift

- ❖ Behandling av forslag til planprogram første halvdel av 2017.
- ❖ Offentlig ettersyn av planprogram 2017
- ❖ Fastsetting av planprogram 2017
- ❖ Utarbeiding av kommuneplan-forslag 2017-2018
- ❖ Målet er at et forslag til kommuneplan skal handsamast i kommunestyret før sommaren 2018.
- ❖ Endelig vedtak om ny kommuneplan er planlagt innan utgangen av 2018.

Når kommuneplanen er vedteken, skal den følgast opp i handlings- og økonomiplan, verksemdsplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar.

Detaljert framdriftsplan ligg som vedlegg til planprogrammet. Forslag til framdriftsplan kan bli justert.

## Innspel til arbeidet

Forslag til planprogram var lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 26.06.2017 – 30.08.2017. Dette var kunngjort i Ryfylke, på kommunens heimeside og i sosiale media. Det har vært mogleg å komma med innspel til planprogrammet på fleire måtar, og mange har fått bidra til å bygga idear for samfunnsutviklinga i Sauda. Mange har deltatt på Sauda kommunes spørjeundersøkingar, nokre har deltatt ved arrangement, og nokre har sendt oss sine innspel. Eit samandrag av kommenterte merknadar ligg som vedlegg til planprogrammet.

Det er mange som har og sagt seg villige til å delta vidare i kommuneplanarbeidet, dei vil bli kontakta direkte. Informasjon om møter og arbeid med kommuneplanen skal også gjerast lett tilgjengeleg via kommunens heimeside.

## 6 Satsingsområder

### Kommunens viktigaste prioriteringar

Samfunnssdelen spisses mot 2 områder; Ein «**vekstkraftig kommune**» og ein kommune med «**tiltrekkingskraft**». Fordi me ønsker vekst i næringsliv og arbeidsplassar, og fleire innbyggjarar og besökande til Sauda.


For å få dette til treng me å bygga musklar innafor fleire tema:

Vekstkraftig kommune	.....med tiltrekkskraft
Styrka og utvikla næringer og arbeidsplassar basert på lokale ressursar	fleire folk som besøker og blir værande i Sauda
<b>Tettstadsutvikling</b>	
Kvalitet i tettstadsutviklinga Styrka lokal identitet og kultur Forvalta og formidla lokal historie og kulturminner Legga til rette for mangfold, folkeliv og aktivitet i sentrum Legga til rette for at arkitektur, kunst og lokalt sær preg spelar ein rolle i utviklinga. Utvikla gode bustadar og gode bustadmiljø	
<b>Verdiskaping og kunnskapsutvikling</b>	
Legga til rette for vekst i lokalt næringsliv Styrka reisemålsutvikling og opplevingsøkonomi Legga til rette for utvikling av energiforedlande verksemder, og verksemder basert på grønn energi Styrka innovasjons- og grundermiljø Styrka Sauda som kunnskaps- og kompetanse miljø	
<b>Livskvalitet</b>	
Eit inkluderande og mangfaldig samfunn Trygghet, trivsel og livskvalitet for alle	
<b>Miljø og klima</b>	
Bærekraftig areal- og transportutvikling Bærekraftig ressursutnytting og delingsøkonomi	
<b>Samarbeid og samskaping</b>	
Kvalitet i kommunale tenester og forvaltning. Styrka kommunen som samarbeidspartner Styrka kommunen som organisasjon og arbeidsplass	


## 7 Utviklingstrekk i Sauda

1. januar 2016 budde det 4 230 000 personer i totalt 990 tettstader i Norge. Dei utgjorde 81 prosent av Noregs befolkning. I tettstadene bur det 1947 mennesker pr. km<sup>2</sup>.  
Sauda hadde 4760 innbyggjarar pr. 1 januar 2017. Kommunens areal er på **546 km<sup>2</sup>**.  
I 2016 budde ca 90% av innbyggjarane innafor tettstaden Sauda, som er på ca 3,8 km<sup>2</sup>.


<https://www.ssb.no/kommunefakta/sauda>




*Aldersfordeling i Sauda pr 1 jan 2017, 15% av befolkninga er over 70 år*



## Framskriving av folkemengde




Hovedalternativet MMMM. Visar ei forventa utvikling med færre arbeidsføre i alderen 40-69 år, og fleire eldre i aldersgruppa 70-90 år



MMMO, ingen nettoinnvandring er den modellen som tidlegare har stemt for Sauda kommune: Fortset utviklinga som no, blir me færre folk i arbeidsfør alder, og mange fleire eldre ca. 664 færre mellom 0-69 og 301 fleire 70+ i 2040.


## Innvandrarár og norskfødte med innvandrerforeldre i Sauda 2016

9% av befolkninga i Sauda er personar med innvandrarbakgrunn (**403** personar i 2016).  
På landsbasis er 16,3% av befolkninga innvandrarár.




## Høgste fullførte utdanning for personar 16 år og oppover

På landsbasis har 26,9% av befolkninga grunnskuleutdanning, 40,9 % har vidaregåande skule, 23% kort høgskuleutdanning og 9,2 % har lang utdanning på høgskule eller universitetsnivå.



## Statistikk arbeidsplass/næringsutvikling

Sysselsatte med arbeidssted i Sauda og Suldal (felles bo- og arbeidsmarknad)



## 8 Samfunnsdelen

### 8.1 Tettstadsutvikling

Sauda har ein kompakt by-messig struktur, og det er korte avstandar internt i kommunen, men langt til nærmeste by. Kommunen har vore prega av ei negativ folketalsutvikling og arbeidsplassutvikling over tid. Dette er ei utvikling som Sauda ikkje er aleine om, dette skjer mange stader i landet og i andre land. På same tid så skal framtidas stader bli både grønare og smartare. Me skal arbeide og produsere varar og tenester som ein del av eit globalt fellesskap. Me må veta kva kvalitetar det gode samfunnet har og kva arbeidsplasser som vil vera aktuelle i framtida.

Attraktivitet er viktig for å nå fram i «kampen om innbyggjarane». Vinnaren blir det gode samfunnet med dei ettertrakta jobbane. Dette er ei utfordring som me må ta. Me har plass til meir liv og fleire folk, og kan invitera fleire innbyggjarar inn.

#### **Tettstadsutvikling som drivkraft for å auka næringslivetableringar og busetjing.**

Kommunen har ansvaret for å forvalta og utvikle attraktive stadar. Område og verdiar må styrast mot den utviklinga som er ønska. Dette handlar om å forvalta og utvikla samansetjinga av eit mangfald kvalitetar. Tiltrekkingskrafa har betyding for at folk vil bu og driva næring her, og det har betyding for livskvaliteten. Kva er det som gjer at det er interessant å komma hit, og kvifor nokon vil satsa og bruka pengar her? Kva det er som gjer at det er godt å leva og bu her? Me må veta dette, og me må forstå kva synergieffektar dette har.

#### **Kva form for stads-kvalitet er interessant for næringsliv og innbyggjarar?**

Korleis kan Sauda bli ein føretrekt kommune for næringsutvikling og busetjing?

Korleis kan me auka tilflyttinga og syta for at folk blir buande?

Korleis kan Sauda sentrum bli ein «smelteigel» for folkeliv, kunnskap, kultur, og næringsliv?

Verksemder og arbeidstakrarar etterspør dei same kvalitetane som innbyggjarar for å oppnå gode livsforhold og livskvalitet. Moglegheit for opplevelingar, opphald, leik, og nærliek til grøne areal er viktig for næringsliv, besøkande og bebuvarar. Gode forhold for fotgjengarar og syklistar ønskast av mange, det er positivt for folkehelsa og bra for miljøet. Meir plass for fotgjengarar og syklistar, handlar om å prioritera areal til formålet og å gjera det trygt og attraktivt å ferdast.

Dei fysiske samanhengane mellom stad og omland er og viktige. Det kan handla om nærliek til daglege gjeremål, effektiv kollektivtrafikk, om moglegheit til å handla på veg heim frå jobb eller å ha tilgang til natur og grøne areal i nærliken. Lokalisering og nærliek mellom verksemder, samarbeidspartnarar eller nettverk, utgjer og ein del av stadens heilskap, og har betyding for attraktiviteten. Omdømme er og viktig i denne samanhengen.

I Sauda er det nærliek til det meste, og det er eit stort potensiale for å leggja til rette for å gå og sykla meir. Det kan være meir utfordrande å komma seg til eller frå omlandet utan bil.

## Kvalitet i stadsutviklinga

Sauda er ikkje kor som helst, men har røter i landskapet, historia, folka og kulturen.

Identitet og stadleg kultur er ein viktig faktor når det gjeld attraktivitet, både for bedrifter, besøkande og dei som bur her. Kulturens eigenverd er anerkjent. Men kultur og kreative sektorar er og viktige drivrarar for økonomisk vekst, arbeidsplassutvikling og sosial inkludering.

Eigenart og sær preg er verdiar som bidreg til at staden er attkjenneleg, og at me i framtida kan kjenna igjen staden vår. Ei utfordring kan vera å få til ein heilskapleg og estetisk god utvikling, som bidrar til å framheva eksisterande statkvalitetar på ein god måte. God estetisk utforming av omgivnadene er viktig for attraktiviteten, trivsel og helse. For å ivareta Saudas identitet og sær preg for framtida, treng me å få oversikt over kva dette er, og utforma mål og strategiar for korleis me skal forvalta og utvikla våre verdiar.

### Korleis vidareutvikla kvalitet i den tette staden?

Korleis skal me leggja til rette for gode bustadar og gode bustadmiljø?

Korleis leggja godt til rette for mangfold, folkeliv og aktivitet i sentrum, på dag- og kveldstid?

Korleis skal me byggja for framtida og samtidig framheva Saudas særprega landskap, kulturminner og historie?

Korleis skal kunst, arkitektur og lokalt sær preg bidra til kvalitet i stads-utviklinga?

Kva skal kommunens rolle i dette arbeidet vera?

Ei satsing på visuelle og fysiske kvalitetar i Sauda, inneberer merksemd mot utforming, omforming og vedlikehald. Korleis tar me vare på stadens sær preg, og korleis fornyar og reparerer vi når noko bør forbetraast? Kva er god byggeskikk og god arkitektur, og korleis kan me utvikla vårt engasjement for estetiske kvalitetar? Gode kunnskapar og god rettleiing er viktige nøklar for å få dette til.

## Kulturminner

Kommunen har hovudansvaret for å identifisera, verdsetja og forvalta verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Sauda har ein fantastisk kulturarv, av både tidlege og nyare tiders kulturminne. Dette er ein viktig del av vår identitet og historie, og bidreg til at Sauda er ein unik stad. Særleg viktig er den rikhaldige historia frå framveksten av det moderne industrisamfunnet, i Åbøbyen i sentrum, fabrikken og kraftstasjonane. Delar av denne historia er godt dokumentert. Sauda byr også på mange spektakulære landskapsopplevelingar, der fleire av dei er knytt til kulturminne. Me kan nemna gamle veganlegg, røygater, gardsanlegg, bruar, t.d. Høllandsfossen og Allmannajuvet osv. Forvaltning av kulturarven gir også moglegheit å utvikla og ivareta arbeidsplassar innan bygg- og anlegg, reiseliv og opplevingsøkonomi, og kan skapa samfunnsverdiar også i framtida. Sauda kommune har starta opp arbeidet med ein temaplan for kulturminner, som skal ligga som grunnlag for kommuneplanarbeidet.

**Kommunen skal leggje rammar for byggeskikk, estetikk og kvalitetskrav.**

**Gjennom å byggja vidare på det me har, kan me styrka våre positive kvalitetar.**

## **Fortetting**

Ei viktig føring for planlegginga er nasjonale forventningar til kommunal planlegging. Ei av dei nasjonale forventningane er at største delen av veksten i utbygginga skal tas gjennom transformasjon og fortetting. Med fortetting meiner ein byggeverksemd innanfor dagens utbygdde områder, som fører til høgare eller meir effektiv nytte av arealet. Fortetting skjer i hovudsak gjennom tre strategiar: Utbygging av unytta areal/tomter i eksisterande by, transformasjon av eldre industri- og hamneområder, og/eller knutepunktfortetting

Folk som bur tett, i leilegheit eller større bustadkompleks brukar mindre energi samanlikna med ein einebustad. Det er eit miljø-argument for å fortette stadene. Fortetting gjev fleire brukarar til å nytta felles goder som kollektiv transport, bisyklar og sykkelstiar osv. og gjev ei forsterka miljøgevinst. Mange opplever høgare bustadkvalitet. Både nærliek og tryggleik ved at det er folk rundt, eit meir levande nærmiljø og nærliek til et fleire servicetilbod. Samtidig skapas det også eit betre grunnlag for nisjetilbod og service, fordi det er kortare avstand til mange tenester.

***Stadene har tetthet i folketal og økonomisk aktivitet, og dei er viktige for å redusera klimautslepp og skapa miljøvenlege og helsefremmande samfunn. Dette gjeld både arealbruk og transportløysingar, energibruk og avfallsbehandling.***

Fortetting har påverknad for folkehelsa. Det gjeld både reduksjon av sosial ulikhet, fysisk og psykisk nærmiljø og ytre miljø. Ulemper ved fortetting kan vera nedbygging av grøne lunger og offentleg rom, uheldige trafikkbelaastningar i konsentrerte områder og redusert bukvalitet. Det kan forstyrra eller øydeleggja ein stad sitt særpreg, kulturhistoriske element og landskapstrekk. Det ligg også eit stort potensiale i fortetting, da det gir mindre transport og reduksjon i energibruk. Gjennom fortetting kan me skåna landbruksområder, bevara biologisk mangfold og samanhengande friluftsområder. Fortetting gjev og moglegheiter for å utvikla alternative bustadtilbod, og syta for at fleire får tilgang til gode urbane kvalitetar.

Sambruk og deling gjev lågare arealbehov per bebuar, og gjer det mogleg å legga til rette for smartare bruk med mindre ressursar til drift, av både private areal og i fellesområder. Det gjev moglegheit for bildeling, velutrusta vaskerom, felles verkstad, felles infrastruktur til internett osv. Fleire å dela kostnadane med, forbetra kvalitet på utstyr og/eller tenester og lågare energiforbruk skapar vinn-vinn-situasjonar.



Foto: Per Inge Fjellheim

## 8.2 Verdiskaping og kunnaksutvikling

### Utvikling av eksisterande og nye næringar

Sauda kommune ønskjer fleire innbyggjarar og fleire arbeidsplassar, og å snu den negative folketals- og arbeidsplassutviklinga som har vore over tid. Næringslivet er sårbart, da det er gjensidig avhengighet mellom mange verksemder. Mange næringar genererer kjøp av varer og tenester lokalt. Kommunikasjon og samferdsel er utfordra av avstand til nærmaste by og nærmaste flyplass. Miljøkrav, klimaendringar og varmare vintrar kan medføra konsekvensar for fleire næringar, t.d. landbruk og reiseliv. Dette utfordrar oss til å tenka nytt om næringsutvikling. Korleis ser framtidas klimavenlege næringsliv og arbeidsplassar ut? Kva rolle vil delingsøkonomien spela i framtidig næringsutvikling? Korleis vil me leggja til rette for utvikling av eksisterande og nye næringar?

#### Korleis leggja til rette for vekst talet på arbeidsplassar?

Korleis kan Sauda bli ein føretrukken besøks- og turistdestinasjon?

Korleis kan me utvikla nye næringar basert på eksisterande ressursar?

Korleis legga til rette for etablering av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar?

Korleis legga til rette for eit innovativt, næringsliv?

Sauda er ein hundre år gammal industrikommune med by-status, tett infrastruktur, tilgang til djupvatns-kai og mykje grøn vasskraft. Me har mykje natur, aktivt skog- og landbruk, og attraktive reisemål. Naturen vår, kulturlandskapa og kulturmiljøa våre er viktige for identiteten vår, og ein viktig ressurs for tilflytting, besøk og næringsutvikling. Men korleis ser framtidas skog- og landbruksnæring ut, og kva slags industri skal me utvikla i framtida? Kan bygeskikk og lokalt sær preg bidra som konkurransestrategi, i tillegg til naturen vår, og/eller kan kulturminna våre også vera eit potensiale for kunnaks- og næringsutvikling?

For å utvikla eit produktivt samfunn er attraktivitet, auka næringsutvikling, sysselsetjing, kompetanseutvikling, nettverk og samarbeid, samt tilgang til lokalar og areal viktige område. Møtestader og delingsarenaer f.eks. felles kantine, kafé eller andre samlingsstader er og viktige. Det må vera attraktivt å etablera og driva verksemd på mange områder, og dette må kommuniserast. Korleis vil Sauda markedsføra seg som stad å flytta til, etablera verksemd og driva næring? Kva er dei viktigaste områda for marknadsføring av Sauda?

### Kunnaksutvikling

Fleire unge innbyggjarar med utdanning er nødvendig for å sikra ei berekraftig samfunnsutvikling på sikt. Avgjerande for at samfunnet skal sikrast auka verdiskaping, vekst og gode levekår, er tilgangen på arbeidskraft med relevant kompetanse. Oppdatering og vidareutvikling av eksisterande kunnskapar er og viktig. Endringar i demografi kan fører til endra premissar og nye utfordringar i skulesektoren. Med ca. 50 fødde i året kan det vera utfordrande å halda på eksisterande barnehage- og skulestruktur. Og når det er få søkjavar til vidaregåande skule, vert det og ei utfordring å oppretthalda eit mangfaldig vidaregåande tilbod. Kva rolle skal utdanning spela i samfunnsbygginga i framtida, og korleis?

### **Korleis styrka Sauda som kunnskaps- og kompetansemiljø?**

Korleis ivareta og sikra kvalitet i skule og barnehage?

Korleis legga til rette for gode skuletilbod og moglegheit for høgre utdanning i framtida?

Korleis leggja til rette for forsking og utdanning som bidreg til framtidig næringsutvikling?

Korleis skal Sauda sikra seg arbeidskraft og relevant kompetanse i framtida?

## **8.3 Liv i Sauda**

### **Livskvalitet heile livet**

Nærmiljøet vårt er viktig for helse, trivsel og oppvekst.

Folketal, innvandring og ei aldrande befolkning er viktige faktorar for planlegging knytt til folkehelse, samfunnsutvikling og sosial infrastruktur. Me kan legga til rette for eit lokalsamfunn med gode offentlege rom, og gode og mangfaldige bustadområde. Me kan og legga forholda til rette for fysisk aktivitet og helsefremmende miljø. Planlegginga kan bidra til integrering og tilhøyrsla for alle innbyggjargrupper, om me legg til rette for felles møteplassar, demokrati og deltaking i sosiale og kulturelle aktivitetar, og i arbeidslivet. Deltaking, engasjement og eigarskap er viktig, for å få ei samfunnsutvikling der den enkelte bidreg og vil ta ansvar.

Ei auke i andelen eldre, vil seie at samfunnet bør legge til rette for at flest mogleg kan bu heime og klare seg sjølve. Levevanar og ei aldrande befolkning er knytt til ei auka sjukdomsutvikling, og mindre gode levekår kan nokre stader by på utfordringar. Det må vere eit mål å leggja til rette for eit samfunn som fremmer mestring, helse og livskvalitet hos alle innbyggjarane. Planlegginga skal bidra til reduserte sosiale skilnader, og å fremme helsevennlege val. Fysisk aktivitet kan førebyggje, utsetje og/eller lindre fleire kroniske sjukdommar. Gjennom planlegging skal me skapa gode rammer for inkludering, ein sunnare livesstil og auka aktivitet for alle innbyggjargrupper. Sauda har eit rikt og aktivt organisasjons- idretts- og kulturliv, og mange set pris på mogleheitene med nærliek til naturen, og korte avstandar. Dette gjer at forholda for auka fysisk aktivitet ligg godt til rette i Sauda.

### **Korleis leggja til rette for trivsel og livskvalitet for alle?**

Korleis sikra gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge?

Korleis kan Sauda kommune bidra til å sikra trygge bustadar og bukvalitet for alle?

Korleis legga til rette for ei robust og fleksibel bustadutvikling som tåler endringar i demografi?

I ei framtid med fleire eldre og endringar i befolkningssamansettina, ligg det moglegheiter for å tenka nytt om korleis me bur og lever. Det er overvekt av bustadar med ein bebur i Sauda, og det er sannsynleg at fleire einslege bur i einebustadar. Tilpassing til klimaendringar og omlegging til ein grønare livsstil gjer at det kan vera ein ide å utforska nye bu-løysingar i nye bustadprosjekt. Ressurssparing er bra for miljøet, og om fleire kan dela nokre funksjonar for å spara miljøet, så kan ein skapa vinn-vinn-situasjonar. Deling har og eit sosialt potensiale, og kan bidra til å ivareta behovet for tryggleik, livskvalitet og eit meiningsfullt liv. Skal me også vera attraktive for tilflytting og nye innbyggjarar, kan eit større mangfald i tilbodet og kvaliteten på bustadene vera aktuelt.

**Korleis legg me til rette for eit inkluderande og mangfaldig samfunn?**

Korleis sikra like muligheter for alle til rekreasjon, og å være fysisk og sosialt aktive?

Korleis legga til rette for kunnskapsutveksling, kreativitet og skaperkraft?

Korleis legga til rette for mobilitet for alle?

Korleis skal me legga til rette for ein aktiv og verdig alderdom?

Korleis legg me til rette for framtidas kultur-, idretts- og friluftsliv?



Foto: Per Inge Fjellheim

## 8.4 Innovasjon, samarbeid og samskaping

### Samfunnsutvikling og tilrettelegging

Offentlig tenesteyting og forvaltning er utfordra av endringar i kommuneøkonomi og inntektsgrunnlag. Kommuneøkonomi og fordeling av ressursar utfordrast av endringar i befolknings-samansetting, og bidrar til endringar i tilgangen på ressursar. Dei største utfordringane me har er demografisk skeivhet, med færre innbyggjarar i arbeidsfør alder og fleire eldre. Denne utviklinga vil etter alt å dømme fortsetja, og gjer at kommunen må tenka nytt om tenestetilboda i framtida.

Korleis skal kommunale tenestetilbod bidra til ei ønska samfunnsutvikling?

Korleis sikra kvalitet i kommunale tenestetilbod og forvaltning i framtida?

Korleis skal kommunen som forvaltar bidra til ei ønska utvikling?

Korleis skal kommunen utviklast som organisasjon og arbeidsplass?

Kommunale velferdsordningar blir utfordra grunna vekst i aldersgrupper som er pleietrengande, og auke i sosiale helseforskjellar. Førebygging av helseplager og ei overføring av offentlige tenester til private vil bli viktigare framover. Satsing på gode levekår, førebyggande og helsefremmande arbeid blir viktig for å redusera behovet for behandling og reparasjon.

Planlegging og yting av helse- og omsorgstenester må fordelast på fleire aktørar og fleire tenesteområder må ta i bruk ny teknologi og smarte løysingar. Inkludering og tilrettelegging av arbeidsplassar kan bidra til at fleire kan arbeida lengre, og bidra i samfunnet. Samspel med næringslivet og samskaping i lag med samfunnet blir viktig for å utvikla gode løysingar for framtidas velferdssamfunn.

Endra premissar gjev og nye utfordringar i skule og barnehage. Med fødselsunderskot, og ei større gruppe pleietrengande eldre, kan det bli utfordrande å halda på eksisterande barnehage- og skulestruktur. For å unngå nedbygging av det eksisterande, treng me folkevekst og fleire arbeidsplassar.


Kommunen skal leggja rammar for, og stimulere til vekst og utvikling, innovasjon og entreprenørskap gjennom tilrettelegging, forvaltning og tenestetilbod. Kommunen kan leggja til rette for meir samarbeid og nettverk mellom offentlege- og private verksemder, organisasjonar og eldsjeler. Arbeidet med strategisk næringsplan for Sauda, legg opp til å styrka kommunens rolle som næringsutviklar og samfunnsutviklar, i tillegg til rolla som tenesteleverandør og myndighets-forvaltar.

## 8.5 Klima og miljø i Sauda

Klima og miljø handlar om våre omgjevnadar, om korleis ytre naturgevne faktorar påverkar våre livsvilkår, og om korleis vår levemåte kan bidra til å påverka ytre naturgevne faktorar.

**«På klimatoppmøtet i Paris ble verdens land enige om en historisk klimaavtale. Det skal ikke bli mer enn 2 grader varmere, og helst ikke mer enn 1,5 grader innen 2100. En gang mellom 2050 og 2100 skal vi være klimanøytrale. Dette innebærer at vi ikke slipper ut mer gass enn det vi greier å fange opp eller fjerne.»**

[www.fn.no](http://www.fn.no)



Grafikk: FN-sambandet

Noreg skal innan 2030 kutte klimagassutslepp i sektorane transport, landbruk, avfall og bygg, samla – med 40 prosent mellom 2021 og 2030, i forhold til 2005-nivået.


Sjølv med reduserte klimagassutslepp, vil klimaendringane bidra til utfordringar grunna naturgevne forhold. Nye og auka utfordringar i planlegginga er stigning i havnivå, auka flaum- og skredfare, meir ekstremvær og store nedbørsmengder.

Effektiv arealbruk og samordning mellom areal og transportutvikling har betydning for korleis me møter framtidas klimanøytrale samfunn. Ved å ta vare på dei gode kvalitetane me har, med nærliek til det meste, har me ein god start i Sauda. Ei arealutvikling som legg til rette for korte avstandar og som gjer det mogleg å nå dei fleste måla ved å gå og sykla, er bra for miljøet og bra for folkehelsa. Bland innbyggjarane i Sauda og Suldal er 2/3 av reisene under 3 km. I Sauda er det mykje færre lange reiser, men det er også viktig å syta for gode forbindelsar til tettstadar og byar i regionen. Lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester verkar inn på energiforbruket og utsleppsnivåa. Forvaltning og tilrettelegging av areala er også viktige i denne samanhengen, og har betydning for tilpassing til endringar i klima og binding av CO<sub>2</sub>.

Ei omlegging til eit klimanøytralt samfunn vil krevja meir enn endringar i reisevanar, endra reisemiddel og endringar i arealbruk. Dette handlar om endringar i forbruksmønster og haldningar. Kanskje me må dela meir i framtida, og ikkje eiga alt? Deling av funksjonar og godar kan også vera eit sosialt potensiale, med fleire møteplassar og meir fellesskap. Tilpassing til klimaendringar og omlegging til eit klimanøytralt samfunn, har eit potensiale for innovasjon og nyskaping, og utvikling av nye næringar.

## Utslipp av klimagasser i Norge i 2015

Utslipp til luft (millioner tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter)



Dei områda me kan gjera noko med, ligg innafor landbruks- og transportsektoren..

Kilde: Miljødirektoratet 2016

Å bidra til nå nasjonale klimamål, krev handling på mange nivå. Kommunens virkemedel til å bidra i arbeidet finst på mange område. Det kan gjerast tiltak gjennom kommunens eiga drift, avfall, transport, bustader, landbruk, og mange utslippskategoriar der kommunen er samfunnsaktør.

Endringar kan gjerast på fleire nivå:

- Me kan effektivisera innafor dagens strukturar og system.
- Me kan utvikla måten me utførar aktivitetar og løyser oppgåver på.
- Me kan omstilla oss, førebygga og endra system.

**Bygg** Me kan redusera energitap i bygg, bruk fornøybare energikjelder, og legga til rette for sambruk og delingsløysingar av bygg og uteareal.

**Transport** Meir drivstoffgjerrige motorar kan bidra til eit lågare utsleppsnivå, det kan og infrastruktur og køyretøy med mindre økologisk fotavtrykk. Utdanning, arbeid, rekreasjon o.a. utan transportbehov vil ha mest effekt.

**Mat** Me kan redusera svinn i verdikjeda (dyrking, distribusjon og forbruk). Me kan redusera energi- og ressursbruk ved lokal dyrking. Og me kan auka andelen mat basert på vegetabilske kjelder (lågare i næringskjeda).

Kva kan me gjera for å bidra til å nå nasjonale klimamål?

Korleis kan Sauda kommune bidra til å sikra ei berekraftig areal- og transportutvikling?

Korleis skal me tilpassa oss til endringar i klima?

Korleis kan Sauda kommune bidra til ei berekraftig ressursutnytting?

Korleis kan me bidra til ei berekraftig og klimavenleg næringsutvikling?

### Tilpassing til endringar i klima og miljø

Sjølv om vi tilpassar oss til eit meir klimanøytralt samfunn, vil klimaendringane føra til stigande havnivå, auka flaum- og skredfare, meir ekstremvær og store og intense nedbørsmengder. Dette gir auka og nye utfordringar for planlegginga. Naturhendingar kan gje fare for tap av liv, helse og kritisk viktig infrastruktur. Forvaltning av grøne areal, natur – og kulturlandskap har betydning for forseinking av ei eventuell auke i nedbør. Ei anna konsekvens av endringar i klima er meir langsiktige effektar på m.a. naturmangfald og naturbaserte næringar.

## 8.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Korleis vil me sikra tryggleik, framkomst og gode rutinar i krisesituasjonar?

Planlegging for eit sikkert samfunn må også ta omsyn til andre risikofaktorar enn klimaendringar. Det er viktig at arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar går på tvers av sektorar, og gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold. Risiko- og sårbarheits-analysane for utbyggingsplanar bør sjåast i samanheng med dei heilskaplege risiko- og sårbarheits-analysane for kommunen. Den heilskaplege ROS-analysen skal vera førande for planarbeidet.



Foto: Per Inge Fjellheim

## 9 Arealar

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som visar samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanens arealdel skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa, og rammar for nye tiltak og ny arealbruk som kan iverksettas, samt viktige omsyn som må takast ved disponering av arealet.

Kommuneplanens arealdel skal omfatta plankart, føresegner og ein planbeskrivelse kor det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planer for arealbruk er ivaretatt.

Plankartet skal visa hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av arealet.

Kommunen kan etter vurdering av eige behov detaljera kommuneplanens arealdel for heile eller deler av kommunens område med nærmare angitte underformål for arealbruk, omsynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.

### Areal og utbygging

Framtidige utbyggingsareal skal hovudsakleg byggast innanfrå og ut, for å i størst mogleg grad kunne ta vare på landbruks- og naturområda rundt Sauda, å nå klimamål, og å halde på dei gode kvalitetane med korte avstandar til det meste. God planlegging, der areal og transportutvikling utviklast i samanheng skal sikra effektiv arealbruk, miljøvenleg transportutvikling, sunne og trygge omgivnader og gode levekår for alle.

Måla i samfunnssdelen må finnast igjen i kommuneplanens arealdel.

**korte avstandar = meir tid til andre ting**

*Representant frå eldrerådet i Sauda*

### Sentrum

Eit viktig utgangspunkt er fortetting av sentrum, med fleire bustader, og tilrettelegging for vekst i handels- og kontornæring. Avgrensing av sentrumsområdet skal vurderast. Transport og parkering i samband med sentrumsutviklinga skal vurderast.

### Næringsareal, næringsbygg

Det er fokus på å legga til rette for næringsutvikling, og behov for betydelig nytt næringsareal.

Eit eksempel på framtidsretta industri er datasenterindustrien. Den er arealkrevjande, og krev nært tilknyting til vatn/elv, høgspent, straum og fiber. Det skal og vurderast å legga til rette for utbygging av ny næring gjennom fortetting i eksisterande byggeområder.

Gjennom å kartleggja fortettingspotensial i sentrum, kan me leita etter areal for utvikling av besøksretta næring og handel.

### Bustadareal

Framtidige bustadar skal i hovudsak byggjas i sentrumsnære område.

Det er ca 100 ledige tomter i Sauda, dei fleste er uregulerte. Vidare planlegging må ta utgangspunkt i forventa auke i folketal for Sauda. Det må leggast til rette for ei variert utbygging tilpassa ulike behov, som barnefamiliar, flyktningar, einslege og eldre.

## **Samferdselsanlegg og infrastruktur**

Korleis legga til rette for framtidas transport-løysingar og infrastruktur i Sauda?

Legga til rette for og sikra samanhengande gang- og sykkelvegnett.

Haukelibanan?

Etne-tunell?

Smart-by?

## **Fritidsbustadar**

Korleis kan me leggja til rette for framtidas berekraftige hytteutbygging? Det er i overkant av 1200 hytter i Sauda og mange ledige hyttetomter. Det er mykje spørsmål om auke i hyttebygginga og utlegging av nye areal for hyttebygging. Kommunedelplan for Svandalen vil bli ein del av kommuneplanens arealdel i denne revideringa av kommunedelplanen.

## **Idrettsanlegg**

Arealplanen skal ivareta mogleheitene for utvikling av anlegg til idrett og aktivitet.

## **Grønstruktur**

Sikring av areal til grøne korridorar, sentrale grøntanlegg og parkar.

## **Landbruks-, natur- og friluftsføremål**

Landbruket pregar innfallsportane til friluftsområda, og avgrensinga av tettbygde område.

Nærleiken til natur er ein av dei gode statkvalitetane i Sauda. Kulturlandskapet i landbruksområda bidreg til å gjera store naturområder tilgjengelege for bruk, og det er viktig å ta omsyn til dette.

Forvaltning av natur- og landbruksareal omfattar og omsynet til klimatilpassing.

I samband med at Sauda kommune utfører eit arbeid med kartlegging og verdsetjing av friluftsområder, er det er mogleg at kartlegginga vil synleggjera fleire interesser i landskapet måte enn tidlegare.

## **Reisemål og opplevelingar i Sauda**

Viktige målpunkt, toppturar, turnett, turvegar, kulturminne og viktige bygningar, samt areal til utfartsparkering skal kartleggast og sikrast.

## **Bruk og vern av sjø og vassdrag**

Korleis vil me legga til rette for transport i sjø?

Hamn og kai, utfartsområde, badeområde, friluftsliv og næring i sjø og vassdrag.

Korleis vil me forvalta naturressursar i sjøen? Vil det vera aktuelt å legga til rette for akvakultur i framtida?

## **Omsynssoner**

- ❖ Faresoner, flom og skredfare
- ❖ Bandlegging
- ❖ Kulturminner

## **Områder med bestemmelser**

Kulturminner og kulturmiljø

Fleire tema kan vera aktuelle her.

## 10 Utgreiingsbehov

ROS- analyse og konsekvensutgreiing.

Kartlegging av nære friluftsområder og barnetråkk.

Stads- og landskapsanalyse med kartlegging av potensielle tomteareal, visuelle kvalitetar, kulturmiljø og kulturlandskap.

- Kartlegga moglege nye utviklingsareal for næring.
- Kartlegging av fortettingspotensial i bustads- og næringsområde og i sentrum.
- Etablera kunnskapsgrunnlag for kulturminneplan for Sauda, temakart kulturminner.

Sosio-kulturell stadsanalyse.


Kulturminneplan for Sauda

Vurdere revisjon av klima- og energiplan.

### Tillegg

-Utarbeida eit temakart for kulturminner og viktige kulturlandskap. Kartet vil vera eit supplement til kulturminneplan, og skal fungera som reiskap i areal- og byggesakshandsaminga.

-Byggeskikkssrettleiar for Sauda skal fungera som verktøy i byggesakshandsaming, og i forvaltning av verneverdige bygg og anlegg.



## **11 Vedlegg**

Innkomne merknadar og innspel ligg som vedlegg.